Grunneigarar/rettshavarar

Vår dato: 10.11.2026
Vår ref.: 202517365-41 Oppgje ved kontakt
Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Herman Lange Johnsen, herj@nve.no, 22 95 98 27.

NVE gjev Statnett SF konsesjonsløyve og samtykke til oreigning og allmannastevning for monomaster til toppliner langs 420 kV Refsdal–Krossdalen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje Statnett SF anleggskonsesjon, oreigningsløyve og løyve til allmannastevning for å byggje, eige og drive monomaster for toppliner i Vik, Vaksdal og Modalen kommunar og Voss herad i Vestland fylke.

Bakgrunnen for vedtaka er at den eksisterande 420 kV kraftleidninga Refsdal–Krossdalen har låg driftstryggleik grunna store klimatiske påkjenningar som vind og isdanning.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet, løyve til allmannastevning og notatet «Grunngjeving for vedtak» av i dag er tilgjengelege på www.nve.no/25855/A.

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett for kraftleidningstraseen, nødvendig tilkomst, ferdsel og transport og riggplassar. Løyve til allmannastevning gjeld eventuelle rettar som blir råka av inngrepa langs dei to traseane, mellom anna Skjelingen stølsområde, Hola stølsområde, Mørkved-Grønndalen stølsområde, Kvilesteinen/Valsvikdalen stølsområde, Trefall stølsområde, Holmen stølsområde og Nygård felleseige.

Denne orienteringa vert sendt til alle høyrings- og orienteringsinstansar. Den allmenne høyringa, offentlege møte og møte med lokale og regionale styresmakter er ein sentral del av NVE si konsesjonshandsaming. Gjennom denne prosessen, der ein kvar har høve til å kome med innspel og synspunkt, skal NVE sikre at alle sider ved saka er gjort reie for. Vi har no gjeve konsesjon og takkar for alle innspel og kommentarar som har kome i den allmenne høyringa.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til www.einnsyn.no, eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Klagerett

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til Statnett SF før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett. Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknyting til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Herman Lange Johnsen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Grunneigarar/rettshavarar

NVE
Norges vassdrags- og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjord. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.